



Rutineskildring

Kyrkjevert i Kaupanger kyrkje

Føremål

Ordninga med kyrkjevert skal sikre:

- at alle vert ynskte velkomne til gudsteneste og får den informasjonen dei treng.
- at me har ekstra brannvakter ved gudstenestene
- konfirmantane er kyrkjevert om dei er til stades.

Arbeidsoppgåver

Som kyrkjevert har du følgjande oppgåver:

- a) Møte seinast 45 minutt før gudstenesta byrjar.
- b) Ynskje vel møtt og dele ut salmebøker og /eller eige program for gudstenesta.
- c) I hylla der salmebøkene står, ligg det og ark med liturgien for gudstenesta – og på engelsk – samt «rapportskjema» for konfirmantane, om du ser nokon har behov for det. Skjema frå konfirmantane skal leggjast i sakristiet, dersom presten ikkje tek dei med seg.
- d) Gje anna informasjon (kvar er toalettet, kvar er presten, reserverte plassar m.m.).
- e) Dele ut og informere om kyrkjesekken på gudsteneste/kyrkjelege handlingar som ikkje er særskild tilrettelagt for barn. Det er to utgåver av kyrkjesekken – for aldersgruppa 2-4 år og 5-8 år. Kyrkjeverten hentar fram sekkane og set dei på plass att.
- f) Være brannvakt – det inneber at ein ser til at ingen sperrar utgangsdørene med stolar, barnevogner eller anna, og er klar til å opne utgangsdørene ved behov.
- g) Innsamling av offer saman med tekstlesar, når dette vert teke opp i benkene.
 - Byrje framme i kyrkja og gå bakover – ein på kvar side.
 - Gå fram i lag til slutt og levere offerposane til presten.
 - De står ved alterringen til presten er ferdig med å be for offergåva.
- h) Vere med å telje opp innkomne offer etter gudstenesta saman med tekstlesar.
- i) Setje salmebøkene på plass etter gudstenesta og rydde vekk eventuelle program.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar som gjeld tenesta som tekstlesar, kan du ta kontakt med nestleiar i soknerådet.

Informasjon om faste samlingar

Du vil verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil du kunne møte frivillige frå alle seks sokna.

Rutine ved byte av teneste eller forfall

Dersom du har forfall, er det fint om du kan gjere avtale om byte av dag direkte med ein av dei andre kyrkjevertane. Du må deretter gje melding om bytet via telefon eller SMS til kyrkjekontoret, m. 400 19 587. Kyrkjekontoret melder vidare til kyrkjetenaren.

Om bytet skjer etter kl. 15.00 på fredag, må du gje melding direkte til kyrkjetenar, m. 482 17 237. Dersom du ikkje finn ein vikar, må du så raskt som mogleg gje melding til kyrkjetenar.

Kyrkjekontoret

- Sender ut liste/oversyn over kven som er kyrkjevertar kvart halvår
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye medarbeidarar inn i datasystemet.

Revisjon

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (oktober/november) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette.